

Vestnes Varfjell tok leiinga tidleg og var nære å halde unna til årets første seier fredag. Magnus Nerheim sendte heimelaget i føringa etter ein god start, då han var sist på ballen på bakre stolpe etter eit frispark som vart flikka vidare av Juan Larsen.

Malmefjorden tok over mykje av spelet etter dette, men skapte ikkje dei store sjansane før langt på overtid i første omgang då dei sette ballen over frå fem meter. Vestnes Varfjell skapte ikkje mykje etter skåringa. Karl Arne Stokkeland hadde eit godt skotforsøk før han måtte ut med skade.

Malmefjorden hadde overtaket også i andre omgang, men Vestnes Varfjell sto imot til ti minutt av ordinær speletid sto att. Då fekk gjestane si fortjente utlikning på ei flott avslutning på halv volley frå Lars Joar Inderberg.

Kaptein ØrjanTangen ruva i forsvaret saman med resten av trebacksrekka med Svein Erik Lange Male og Håkon Kjørvik solide. Også målvakt Owen Connor sto godt. Både tidleg i andre omgang og på overtid hindra han baklengs. Framover vart det etter kvart for mange balltap og

tapte duellar.

Amund Stavem sesongdebuterte etter pause og viste med overblikk, pasningsfot og dribleferdigheiter at han blir ein viktig mann framover.

KAMPFAKTA:

Vestnes Varfjell - Malmefjorden 1-1 (1-0)

Seriekamp, 4. divisjon Nordmøre og Romsdal

Fredag 27. august 2012 kl 19

Vestnes idrettspark, 90 tilskuarar

Mål:

1-0 (14) Magnus Nerheiim

1-1 (80) Lars Joar Inderberg

Dommar: Eirik Furu, Clausenengen

Gult kort: Ellingseter (36), Tangen (45), Skare (83)

Vestnes Varfjell (3-4-3): Owen Connor; Håkon Kjørvik, Svein Erik Lange Male, Ørjan Tangen (k) - Magnus Nerheim (Lars-Helge Lien 76.), Vegar Skare, Vegard Ellingseter (Oliver Connor Søreng 70.), Cédric Ronnie Hellström Andreassen (Amund Stavem 46.)- Tor-Bjarne Løvik Salte (Eirik Leao Tomren 81.), Karl Arne Stokkeland (Eirik Leao Tomren 20., Elling Olafsen 72., Ole Ragnar Forsland 84.), Juan Richard Larsen

SJÅ BILDEGALLERI FRÅ KAMPEN HER, INKLUDERT HEILE 1-0-SKÅRINGA